



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
THORCH	2016/890	8393/2016	243/59/1	11.04.2016

Uttale - Søknad om tilskot frå Fjellandbruket - gnr. 59/1 i Vinje

Kjetil Nessæther søkjer om tilskot på kr 88 000,- for å leggje til rette for beiting med geit i tilknytning til geitehaldet han og familien driv på Jamsgard gnr. 59/1 i Bøgrend, Vinje kommune. Kostnadsoverslaget er på kr 117 000,-.

Søkjer fikk mjølkekvote for geit og bygde om driftsbygningen i 2010. Han og ektefellen Solvor blei og kåra til «Årets unge telemarksbønder» i 2012 av Fylkesmannen. Dei driv i dag stort med vel 200 mjølkegeiter. Dei har ikkje tilgang til eigen støyl om sommaren, men har leigd dette andre stader i kommunen. Med tanke på lønsemd i produksjonen, og av omsyn til praktisk og rasjonell drift ynskjer dei å rydde og opparbeide beite på eigen eigedom ved garden. Søkjer oppgjev at det går greitt å følgje geitene over E-134 i 60 - sone ved garden for å kome på beite.

Geitehald er tradisjonelt knytt til beite og til støysldrift om sommaren i Vinje. Geitehald er i dag ein produksjon med strenge krav til kvalitet på mjølka - noko som krev særskild oppfølging når geitene er på beite. Slik sett er det eitt føremunn å ha dyra heime.

Det er i dag like strenge krav til hygiene, effektivitet, dyrevelferd og arbeidstilhøve på ein støyl som heime i driftsbygningen på garden. For søkjer vil det utvilsamt vere god økonomi i å bruke eksisterande bygningar også om sommaren.

Søkjer vil neppe kome inn under ordninga med tilskot til investeringar i beitefelt – som i hovudsak gjeld for beitelag og organisert samarbeid. Uansett vil neppe føremålet inngjerding av eit beite kunne definerast som eit sperregjerde, jf. rundskriv 13/1-9 om forvaltning av forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder. Då aktuelt område ikkje er gamal kulturmark vil det heller ikkje vere mogleg å yte såkalla SMIL-tilskot til dette.

Gjerdkostnaden vil ligge på om lag kr 60,- pr meter - som erfaringsmessig må seiast å vere normalt for eit slikt gjerde utfrå beitelagssøknader til sperregjerde.

Sakshandsamar meiner at søknaden vil bli omfatta av satsingsområdet for Fjellandbruket både når det gjeld «ungdom som vil satse» og for området beitebruk. Tiltaket støtter elles generelle krave i ordninga - og ein vil tilrå søknaden.

Med helsing

Thor Christiansen
landbruksrådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

- 1 59/1 - Søknad om tilskot frå Fjellandbruket
- 2 Kart

Sendt til:

KJETIL NESSÆTHER
FYLKESMANNEN I TELEMARK

Bøgrend 3890 VINJE
Postboks 2603 3702 SKIEN